

## Nynorsk eller bokmål? Ja takk, begge delar!


Kvifor har vi to skriftspråk som begge er norsk? For å finne svaret på dette spørsmålet må vi gå attende i tid.

Da Noreg fekk si eiga grunnlov i 1814, hadde landet vore i union med Danmark i nesten 400 år. I 400 år hadde folk snakka norsk, men måtta skrive dansk. No hadde nordmennene endeleg vorte sjølvstendige, og dei ville også ha sitt eige skriftspråk. Men korleis skulle dei få det?

Det er ikkje ein lett jobb å *lage* eit språk! Mange hadde meiningar om korleis det skulle gjerast. Ein av dei var Ivar Aasen. Ivar Aasen meinte at det norske skriftspråket måtte likne mest mogleg på det folk snakka. Det måtte altså byggje på dialektane i landet. Derfor brukte han fleire år på å reise rundt og gjere seg kjend med ulike norske dialektar. Han fann ut kva dei hadde felles, og laga ordlister og grammatikkreglar som passa til slik folk snakka. Det vart eit nytt språk, men eit kjent språk! I dag heiter dette språket *nynorsk*.

Det var mange som ikkje syntest det var nokon god idé å *lage* eit nytt skriftspråk. Ein lærar som heitte Knud Knudsen, meinte at ein kunne behalde det danske og gjere det meir norsk litt etter litt. Når elevane strevde med å lese og skrive dansken, endra han skrivemåten slik at orda vart meir like slik ein uttalte dei. Det skriftspråket han jobba med å lage, heiter i dag *bokmål*.

Dermed hadde vi med eitt to skriftspråk. Kva for eit av dei skulle bli det offisielle norske språket? Begge. I 1885 vedtok Stortinget at begge språka er norsk. Men kva for eit språk skulle elevane da lære på skolen? Stortinget sa at det måtte kommunane bestemme sjølv. Slik er det framleis. Det du lærer deg å lese og skrive frå første klasse, er *hovudmålet* ditt. Seinare lærer du *sidemålet* ditt, som er det andre språket. Nokre elevar har nynorsk som hovudmål, andre har bokmål.



### Oppgaver:

Sjå Elevbok 7B  
side 15.

Gjer oppgåvene  
1, 3, 4, 5, 6, 7 og 8.